

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

Anleggsplan

Hafslo IL

2023-2027

INNLEIING

Føremålet med anleggsplanen er å gje ei samla oversikt over tilstanden til eksisterande anlegg og å prioritere mellom nye anlegg som skal meldast inn til kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune. Anleggsplanen vert grunnlag for handsaming i Luster idrettsråd før handsaming i kommunestyret av «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036». Det er sendt inn spelemiddelsøknader for fleire anlegg i førre planperiode, og status og føresetnader for enkelte av anlegga har endra seg. Oppdatering av anleggsplan for [Hafslo IL 2019-2022](#) vart sist handsama på årsmøte i Hafslo IL 11.03.2021. Lenkje til dei eksisterande kommunale handlingsplanane 2020-2023:

[Handlingsplan ordinære anlegg 2020-2023](#)

[Handlingsplan nærmiljøanlegg 2020-2023](#)

Hafslo Idrettslag må på årsmøtet i 2023 handsame og vedta ny anleggsplan og prioritere anlegg til kommuneplanen 2024-2036. Anleggsplanen vert grunnlag for handsaming i Luster idrettsråd før handsaming i kommunestyret av «*Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036*».

Anlegga i denne planen er avgrensa til dei anlegga som Hafslo IL har eigarskap til, langtidsleige for, driftsavtale med eller har eigarinteresser i. Sjølve anleggsplanen er tredelt.

Den første delen gir ein statusrapport over tilstanden til dei ferdigstilte anlegga våre, vedlikehaldsbehovet i planperioden og kven som har ansvaret for dette. Planen gir ikkje nokon rangering av vedlikehaldsbehova, men planen føreset at dette vert bestemt gjennom det ordinære styrearbeidet og etter kva ressursar som er tilgjengelege i løpet av planperioden.

Del to gir ei oversikt over anlegg som det er sendt inn og ligg føre godkjende spelemiddelsøknader for.

Del tre gir ei oversikt over anlegg Hafslø IL ønsker vert prioritert i kommuneplanen for 2024-2036, samt kven som har ansvaret for vidare arbeid med anlegga i tråd med idrettslaget sine prioriteringar som vert bestemt på årsmøtet 27.02.2023.

Prosess i Hafslø IL

Proessen med å utarbeide ny anleggsplan for Hafslø IL 2023-2027 har vore leia av styret i idrettslaget. Ny anleggsplan har vore drøfta i utvida styre med alle særgrupper representert, og vi har invitert til innspel frå medlemene gjennom innlegg på heimesida og Facebook-sida vår. Det er kome inn totalt fire innspel i denne prosessen. Styret har oppdatert innhaldet i anleggsplanen, gått igjennom innkomne innspel, og har på grunnlag av dette utarbeidd framlegg til ny anleggsplan for Hafslø IL 2023-2027 til årsmøtet 27.februar 2023. Årsmøtet må ta stilling til prioritering og vidare arbeid med anlegg som det ikkje er sendt inn spelemiddelsøknader for i neste planperiode.

Hafslø 21.februar 2023

Styret i Hafslø IL

DEL 1: OVERSIKT HAFSLO IL SINE EIGNE ANLEGG

ANLEGGSNR	ANLEGG	STATUS	PLANER / MULIGHETER / VIRKSOMHET / OPPFØLGING	ANSVAR	BYGGET / RESTAURERT
41484	FRIIDRETTSANLEGG I MOANE	I DÅRLEG STAND	LØPEBANENE, LENGDEGROP OG KASTSONER TRENG Å VEDLIKEHALDAST. DENNE OPPGÅVA HAR VORE UTFØRT PÅ DUGNAD VED LUKING OG PÅFYLLING SAND. DET ER BEHOV FOR STØRRE VEDLIKEHALD I ÅRA SOM KJEM, FOR Å HALDE ANLEGGET I BRUKBAR STAND. DRIFTS- OG VEDLIKEHALDSPLIKT ETTER SPELEMIDDELORDNINGA FELL BORT I 2021, OG BEHOV FOR VEDLIKEHALD FRAMOVER MÅ SJÅAST I SAMANHENG MED DETTE.	STADIONSTYRET	1982
58889	FOTBALLBANE-7'AR - HAFSLO BU-SKULE	I GOD STAND	KREV KONTINUERLEG ETTERSYN OG VEDLIKEHALD. DET MÅ GJERAST TILTAK KNYTT TIL NYE RETNINGSLINJER FOR Å UNNGÅ FORUREINING MED GUMMIGRANULAT. DETTE MÅ VURDERAST FORTLØPANDE AV STYRET I DIALOG MED FOTBALLGRUPPA.	STADIONSTYRET	2013
41482 41487	FOTBALLBANE-GRAS - HAFSLO STADION MOANE TRENINGSSENTER	I GOD STAND	KREV KONTINUERLEG ETTERSYN OG VEDLIKEHALD.	STADIONSTYRET	1974 1988
?	PUMPEHUS	I BRUKBAR STAND.	VEDLIKEHALD MATERIAL 5000 KR, + BETALING DUGNAD	STADIONSTYRET	
?	TRIBUNEANLEGG	I BRUKBAR STAND.	UTBETRING AV RÅTSKADAR, MATRIALBEHOV CA 10 000 KR.+ BETALING DUGNAD	STADIONSTYRET	
41483	FOTBALLBANE-GRUS HAFSLO STADION	I BRUKBAR STAND.	PÅFYLL GRUS, CA 10 000, FJERNING GRAS PÅ DUGNAD.	STADIONSTYRET	1974
41485	KLUBBHUS - HAFSLO STADION	I BRUKBAR STAND	KJØKKEN KAN SKIFTAST, KOSTNAD CA 50 000. UTBETRE INNGANSPARTI, RAMPAR, TRAPPER, RÅTSKADER, CA 50 000. MELLOMBELS KOMMUNAL VASSTILKNYTING KOM PÅ PLESS I JUNI 2022.	STADIONSTYRET	1984
37044	ORIENTERINGSKART OKLEVIKMARKA	I GOD STAND		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 1985 FORNYA I 2009 OPPGRADERT 2013
58883	ORIENTERINGSKART MOLLANDSMARKA	I GOD STAND		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 2014
?	ORIENTERINGSKART MOANE	I GOD STAND		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 1985 FORNYA I 2009 OPPGRADERT 2013

58884	ORIENTERINGSKART GAUPNE	I GOD STAND		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 2011 OPPGRADERT 2018
?	SKULEKART HAFSLO SKULE	I GOD STAND.		ORIENTERINGSGRUPPA	LAGA I 2013 OPPGRADERT 2018
?	KIOSKBYGG MOANE	I GOD STAND.	ANLEGGET VART FERDIG FORNYA I 2012	STADIONSTYRET	2012
57991	SANDVOLLEYBALLBANE -HAFSLO BU-SKULE	I GOD STAND	NYTT NETT BESTILT OG VART SKIFTA 2019. BEHOV FOR ÅRLEG SNUING AV SAND.	STADIONSTYRET	2006
41486	MOANE TRIMLØYPE - HAFSLO STADION	I BRUKBAR STAND		?	1991
76607	GRILLHYTTE/GAPAHUK VED KUNSTGRASBANA/ SKULEOMRÅDET	I GOD STAND	SPELEMIDDELSØKNAD VART GODKJENT SOMMAR 2020, OG ANLEGGET VART OPNA OG TEKE I BRUK DESEMBER 2020. SLUTTREKNESKAP VART SENDT INN 20.09.2022.	HAFSLO IL ER SØKJAR/EIGAR. AVTALE MED HAFSLO BYGDELAG OM DRIFT OG VEDLIKEHALD	2020
75552	ANLEGG FOR HESTESPORT PÅ FLUGA	I GOD STAND	SPELEMIDDELSØKNAD VART GODKJENT VÅR 2020, OG ANLEGGET VART OPNA OG TEKE I BRUK 2.JULI 2022. FORNYINGSSØKNAD FOR ANLEGGET VART SENDT INN HAUSTEN 2022 OG SLUTTREKNESKAP FOR ANLEGGET VERT SENDT INN I 2023.	HAFSLO IL ER SØKJAR/EIGAR. AVTALE MED HAFSLO BYGDELAG OM DRIFT OG VEDLIKEHALD	2022

OVERSIKT OVER HAFSLO IL SINE LANGTIDSLEIGDE ANLEGG

ANLEGGSNR.	ANLEGG	STATUS	PLANER / MULIGHETER / VIRKSOMHET / OPPFØLGING	ANSVAR	BYGGET / RESTAURERT
47573	LEIGER DEL AV SERVICEBYGG PÅ HEGGMYRANE AV SOGN SKISENTER	I GOD STAND	HAFSLO IL BETALAR ÅRLEG LEIGE + STRAUMUTGIFTER TIL SOGN SKISENTER PÅ OM LAG KR.14.000 PER ÅR.	SKIGRUPPENE	2009/2010

DEL 2. ANLEGG UNDER ARBEID

Denne delen av anleggsplanen gir ei oversikt over anlegg som er prioritert i kommunen sin økonomiplan og handlingsplan for 2020-2023 og som det er innsendt spelemiddelsøknader for. Nedanfor følgjer ein oppdatert status for pågåande arbeid med desse anlegga per februar 2023, med oppdatert kostnadsoverslag.

Lysanlegg Hafslo stadion – Moane

Anlegget var omtalt slik i den opprinnelege anleggsplanen som vart vedteken av årsmøtet 07.02.2019:

«Eit lysanlegg på Hafslo stadion, vil utvide bruksmoglegheitane for grasbana tidleg om våren og om hausten. Det har vore ei utfordring å få arrangert seriekampar 9ar og 11ar dei siste to månadane om hausten på grunn av manglande lys. Lysanlegg kan realiserast innanfor spelemiddelordninga. Det er innhenta eit kostnadsoverslag for lysanlegg på Hafslo stadion frå Luster Energiverk, og estimerte kostnader er på om lag 1,3 millionar. Styret rår til at det vert sendt inn spelemiddelsøknad for lysanlegg på Hafslo stadion våren 2019 og at dette vert høgt prioritert i komande planperiode.»

Status per februar 2023:

Hafslo IL sende inn spelemiddelsøknad for lysanlegg hausten 2019, og starta arbeidet med innhenting av tilbod for grunnarbeid og lysanlegg våren 2020. Spelemiddelsøknaden for lysanlegget vart godkjent våren 2020. Pga korona-situasjonen, vart arbeidet sett på vent. Det har vore arbeidd med å innhente oppdaterte tilbod frå entreprenørar for grunnarbeid og leverandørar av lysanlegget. Dette arbeidet har teke tid på grunn av andre prioriteringar og behov som har dukka opp undervegs. Fornyingsøknader for anlegget har vore sendt inn, sist hausten 2022 med oppdatert kostnadsoverslag. Arbeidet med å få realisert anlegget må prioriterast, og målet er å få godkjent byggesøknad i løpet av våren 2023 og få dette på plass innan utgangen av august 2023.

Hopp K10, K19 med lysanlegg og skitau ved Sogn Skisenter

Anlegget vart omtalt slik i den opprinnelege anleggsplanen som vart vedteken av årsmøtet 07.02.2019:

«Det er to anlegg som det er særleg ønskje om vert prioritert gjennom Sogn Skisenter AS. Dette er ny rulleskiløype (stadion og rulleskiløype, med grunnarbeid, asfalt, snøproduksjonsanlegg og lyssetjing), og nytt hoppanlegg (nærmiljøanlegg K10+K19). Årsmøtet i Hafslo IL har tidlegare gjennom eige vedtak vedteke å løyve 300 000 kr til langrennsanlegget og 200 000 kr til hoppanlegget under føresetnad av at IL Bjørn også bidreg og at prosjektet løyser spelemidlar. Frå 2015 og fram til 2018 har arbeidet med ny reguleringsplan vore hovudfokus ved skisenteret.

Reguleringsplanen er no vedteken, og ein er i posisjon til å gå vidare med å få realisert desse anlegga. For detaljar knytt til satsinga ved Sogn Skisenter, vert det vist til dei planlagde prosjekta for hoppanlegget (K10 + K19), samt langrennsanlegg med asfalt og snøproduksjon som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Hafslo IL ønskjer at desse anlegga framleis skal ha høg prioritet også i neste planperiode.»

Status per februar 2023:

Opprinneleg var det tenkt at Sogn Skisenter skulle stå for søknad om hopp K10, 19, lysanlegg og skitau ved Sogn Skisenter, med støtte/avtale med Hafslo IL om drift og vedlikehald. På ekstraordinært årsmøte i Hafslo IL 24.09.2020, vart det vedteke at Hafslo IL skulle ta på seg søkjaransvaret for spelemiddelsøknad for anlegget og inngå driftsavtale med Sogn Skisenter. I tillegg vart det vedteke ei tilleggsfinansiering på kr.100.000,- for realisering av anlegget. [Protokoll frå ekstraordinært årsmøte 24.09.2020](#).

Spelemiddelsøknad vart sendt inn hausten 2020 og vart godkjent våren 2021. I juni 2021 vedtok styret i skisenteret å flytte K10/K19-bakken frå felles hoppanlegg ved Nygardstre til skileikområdet ved Banktrekket etter dialog og møte med grunneigarar, kommunen, idrettslaga og Luster Idrettsråd. Planarbeidet og godkjenning for flytting av K10/K19-bakken gjekk raskt slik at entreprenør E R Melheim som hadde fått kontrakt på bygging av K10/K19-bakken, kunne starte opp anleggsarbeidet oktober 2021. Entreprenøren sitt kontraktarbeid var planlagt ferdig i 2022, men blir ikkje endeleg ferdig før i 2023. Fornya spelemiddelsøknad vart sendt hausten 2022.

Sprint- og rulleskiløype, inkludert lysanlegg ved Sogn Skisenter

Anlegget vart omtalt slik i den opprinnelege anleggsplanen som vart vedteken av årsmøtet 07.02.2019:

«Det er to anlegg som det er særleg ønskje om vert prioritert gjennom Sogn Skisenter AS. Dette er ny rulleskiløype (stadion og rulleskiløype, med grunnarbeid, asfalt, snøproduksjonsanlegg og lyssetjing), og nytt hoppanlegg (nærmiljøanlegg K10+K19). Årsmøtet i Hafslo IL har tidlegare gjennom eige vedtak vedteke å løyve 300 000 kr til langrennsanlegget og 200 000 kr til hoppanlegget under føresetnad av at IL Bjørn også bidreg og at prosjektet løyser spelemidlar. Frå 2015 og fram til 2018 har arbeidet med ny reguleringsplan vore hovudfokus ved skisenteret. Reguleringsplanen er no vedteken, og ein er i posisjon til å gå vidare med å få realisert desse anlegga. For detaljar knytt til satsinga ved Sogn Skisenter, vert det vist til dei planlagde prosjekta for hoppanlegget (K10 + K19), samt langrennsanlegg med asfalt og snøproduksjon som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Hafslo IL ønskjer at desse anlegga framleis skal ha høg prioritet også i neste planperiode.»

Status per februar 2023:

Sprint- og rulleskiløype vart prioritert for spelemiddelgodkjenning hausten 2021 og vart spelemiddelgodkjent mars 2022. På ekstra generalforsamling for Sogn Skisenter 27.10.2022 vart det vedteke å utvide spelemiddelsøknaden til også å omfatte lysanlegg. På grunn av ønskja planjustering for lokal godkjenning etter plan- og bygningslova, så er anleggstart planlagt utsett til sommaren 2023. Fornya spelemiddelsøknad for sprint-, rulleskiløype og lysanlegg vart sendt hausten 2022.

Oppsummering status anlegg under arbeid per februar 2023:

ANLEGGSNR.	ANLEGG	STATUS	ANSVAR	PLAN FOR FERDIGSTILLING
41482	LYSANLEGG GRASBANA - HAFSLO STADION I MOANE	LIGG INNE I KOMMUNAL HANDLINGSPLAN 2020-2023 ORDINÆRE ANLEGG, MED SPELEMIDDELLØYVING I 2022. SPELEMIDDELSØKNAD GODKJENT VÅR 2020. PGA KORONA-SITUASJONEN, VART ARBEIDET SETT PÅ VENT. DET HAR VORE ARBEIDD MED Å INNHENTE OPPDATERTE TILBOD FRÅ ENTREPRENØRAR FOR GRUNNARBEID OG LEVERANDØRAR AV LYSANLEGGET. DETTE ARBEIDET HAR TEKE TID PÅ GRUNN AV ANDRE PRIORITERINGAR OG BEHOV SOM HAR DUKKA OPP UNDERVEGS. FORNYINGSSØKNADER FOR ANLEGGET HAR VORE SENDT INN, SIST HAUSTEN 2022 MED OPPDATERT KOSTNADSOVERSLAG. ARBEIDET MED Å FÅ REALISERT ANLEGGET MÅ PRIORITERAST, OG MÅLET ER Å FÅ GODKJENT BYGGESØKNAD I LØPET AV VÅREN 2023 OG FÅ DETTE PÅ PLESS INNAN UTGANGEN AV AUGUST 2023.	HIL ER SØKJAR. HOVUDSTYRET I SAMARBEID MED FOTBALLGRUPPA OG STADIONSTYRET	2023
17419, 17420, 76948	HOPP K10, K19 MED LYSANLEGG OG SKITAU VED SOGN SKISENTER	LIGG INNE I KOMMUNAL HANDLINGSPLAN 2020-2023 NÆRMILJØANLEGG, MED SPELEMIDDELLØYVING I 2021. SPELEMIDDELSØKNAD SENDT INN HAUST 2020 OG GODKJENT MARS 2021. FORNYA SØKNAD HAUST 2021 OG 2022. PLASSERING ENDRA FRÅ NYGARDSTRE TIL BANKTREKKET OG ANLEGGSTART OKTOBER 2022. ETABLERING AV SKITAU UTSETT TIL BYGGING AV K45-BAKKEN.	HIL ER SØKJAR. HOPPGRUPPA. AVTALE MED SOGN SKISENTER OM DRIFT OG VEDLIKEHALD	2023
58888	SPRINT- OG RULLESKILØYPE, INKLUDERT LYSANLEGG VED SOGN SKISENTER	SPRINT- OG RULLESKILØYPE VART PRIORITERT FOR SPELEMIDDELGODKJENNING HAUSTEN 2021 OG VART SPELEMIDDELGODKJENT MARS 2022. PÅ EKSTRA GENERALFORSAMLING FOR SOGN SKISENTER 27.10.2022 VART DET VEDTEKE Å UTVIDE SPELEMIDDELSØKNADEN TIL OGSÅ Å OMFATTE LYSANLEGG. FORNYA SPELEMIDDELSØKNAD FOR SPRINT-, RULLESKILØYPE OG LYSANLEGG VART SENDT HAUSTEN 2022.	SOGN SKISENTER ER SØKJAR MED STØTTE FRÅ HIL. HOVUDSTYRET I SAMARBEID MED SOGN SKISENTER SOM SØKJAR.	2025

DEL 3. PLANLAGDE ANLEGG

Som del av saksutgreiinga i samband med revidering av anleggsplanen i forkant av årsmøtet i 2019, vart det gjort ei utgreiing av dei ulike anlegga som Hafslø IL har behov for. Fleire av desse anlegga er no ein del av anlegg under arbeid som det er sendt inn spelemiddelsøknader for, jf. del 2. Unntaket er hopp K45 som det framleis ikkje er sendt inn spelemiddelsøknad for. Sjølv om dette anlegget har vore prioritert i kommunen sin økonomiplan og handlingsplan for 2020-2023, så vart anlegget lagt under del 3 «Planlagde anlegg» og ikkje som «Anlegg under arbeid» ved revidering av anleggsplanen på årsmøtet 27.02.2023.

Det er også kome innspel til nokre nye anlegg i samband med høyringsprosessen haust 2022/vinter 2023. Det betyr at det er ønskje om å få etablert desse anlegga i neste planperiode. Styret har gjort ei vurdering og prioritering av tidlegare planlagde anlegg og framlegga til nye anlegg, og det er opp til årsmøtet å ta endeleg stilling til prioriteringa mellom anlegga i neste planperiode.

Nedanfor følgjer ei omtale av aktuelle planlagde anlegg under del 3 i neste planperiode 2023-2027.

Hoppbakke K45, Sogn skisenter (Heggmyrane)

Årsmøtet 07.02.2019 vedtok hoppbakke K45 som prioritet nr 3 i [anleggsplan 2019-2022](#). Anlegget vart omtalt slik i den vedtekne anleggsplanen (saman med K70):

«Først når desse bakkane vert realisert, vil noverande hoppanlegg i Kvam verte fullt ut erstatta og Sogn Skisenter kan få status som regionanlegg for nordiske greiner. Vidare utbygging av hoppanlegget utover nærmiljøanlegget, vil konkurrera om både kapasitet og prioritering av andre anlegg som er under planlegging på skisenteret. For å realisere liten hoppbakke (K40-45), må truleg idrettslaget stå som byggherre i samarbeid med Sogn Skisenter. Eit K45 anlegg i hopp vil ha ei kostnadsramme på rundt 3 millionar kr + mva. Mellomstor hoppbakke for gute- og jentehopparar (K65-70), er det heller ikkje avsett tilstrekkeleg areal for i gjeldande reguleringsplan. For å få tilgang til tilstrekkeleg areal for mellomstor hoppbakke (K65-70) er det behov for mindre utviding på LNF-område gjennom reguleringsendring. Ut i frå samla ressursbruk, uavklarte forhold kring det å stå som anleggseigar og uavklarte forhold kring tilgang til naudsynt areal, gjer at Hafslø IL ikkje går inn for ei høg prioritering av å få realisert hoppbakkar på K45 og K65-70 i løpet av den neste planperioden.

Hoppbakken K45 kom likevel inn i kommunal handlingsplan 2020-2023 med spelemiddelløyving i 2023. Opprinneleg stod Hafslo IL som søker og eigar av anlegget.

Årsmøtet for Hafslo IL 2022 gjorde følgjande vedtak 17.03.2022:

«Hafslo IL støttar innsending av spelemiddelsøknad for hoppanlegg K45 hausten 2022, og oppmodar Sogn Skisenter AS om å overta som søker/anleggseigar. Hafslo IL kan bidra med inntil kr.100.000,- til anlegget under føresetnad av tilsvarande økonomisk støtte frå IL Bjørn. Det er også ein føresetnad at både Sogn Skisenter AS og Luster Idrettsråd støttar innsending av spelemiddelsøknad for anlegget i tråd med framlegget frå Hoppgruppa i Hafslo IL.»

Planlagt spelemiddelsøknad hausten 2022 måtte utsetjast fordi det mangla godkjent driftsavtale mellom Hafslo Idrettslag og Sogn Skisenter. Søknaden for skitauet må fornyast som fasilitet til K45-bakken. Sogn Skisenter treng utviding av snøproduksjonsanlegget, spesielt skaffe meir vatn (bygging av meir vassmagasin), og kan søkja om spelemiddelløyving for dette med fasilitet til hoppanlegget.

Det har vore motstand frå grunneigarar på bygging av hoppanlegg på areal regulert til føremålet (på Nygardstre). På denne bakgrunn bad Luster kommune Hafslo idrettslag om ein rapport som forklarte eigna lokalisering for alternative plasseringar av hoppanlegg i Sogn Skisenter og vurdering av konsekvensar for andre anlegg og anna utbygging ved skisenteret.

Skiforbundet leverte rapport datert 17.12.21 og konkluderte med:

- Beste plassering av hoppanlegget er i same regulert område BSA6 i gjeldande reguleringsplan (på Nygardstre)
- Den avgjerande tilrådinga er sportslege og miljømessige forhold og at hoppbakke K45 (også eventuell framtidig K70) let seg innplassere ved området BSA6 utan å avskjera nødvendig areal til alpin nedfart som er innregulert i same område.

Status per februar 2023:

Trass i at K45 kom inn i kommunal handlingsplan 2020-2023 med spelemiddelløyving i 2023, er det framleis ikkje sendt inn spelemiddelsøknad for anlegget. Årsaka skuldast mellom anna behov for naudsynte avklaringar i arealet som er regulert til føremålet ved Sogn Skisenter (Nygardstre), endra føresetnader knytt til kven som skal stå som anleggseigar, samt at Sogn Skisenter ikkje ønskjer å ta stilling til å overta ansvaret som anleggseigar utan at det ligg føre driftsavtale med Hafslo IL.

Det er sendt inn eiga sak om driftsavtale mellom Hafslø IL og Sogn Skisenter til årsmøtet i Hafslø IL 27.02.2023. Denne saka må årsmøtet ta stilling til før godkjenning av anleggsplanen. Utfallet av den saka vil vere avgjerande for korleis dette anlegget skal prioriterast vidare i neste fireårsperiode i den kommunale handlingsplanen.

Styret er positive til vidare utvikling av hoppanlegg ved Sogn Skisenter. Samstundes vurderer vi at det framleis er sopass mange usikre forhold knytt til både kostnader og arealspørsmål, at det er fornuftig å avvente etablering til dette er meir klarlagt. No har vi fått på plass rekrutteringsbakkar K10 og K19 sentralt ved Sogn Skisenter, og då er det fornuftig å avvente vidare rekruttering og bygging av K45 til både kostnader arealspørsmål er betre utgreia. Uavhengig av kven som står som anleggseigar, er det ikkje tvilsamt at dette er eit anlegg som vil påføre både anleggseigar Sogn Skisenter (om dei ønskjer det) store etableringskostnader og Hafslø IL store driftsutgifter når anlegget eventuelt vert realisert, jf. eiga sak til årsmøtet 27.02.2023.

Styret i Hafslø IL tilrår at anlegget vert med vidare i neste planperiode, og at anlegget vert prioritert realisert så snart alle uavklarte forhold knytt til kostnader, Sogn Skisenter si vilje til å prioritere dette anlegget og behovet er betre utgreia.

Fleirbrukshall Hafslø

Det vart frå fotballgruppa si side ytra ynskje om at Hafslø IL skal arbeide for å realisere ein fleirbrukshall på Hafslø i 2019. Dei siste åra har det vore gjennomført ein prosess med områderegulering for Hafslø sentrum, der Hafslø IL har spelt inn ønskje og behov for ein fleirbrukshall i prosessen. På årsmøtet 17.03.2022 vart det vedteke ei nemnd for fleirbrukshall, og nemnda har hatt møte med kommunen og Hafslø IL har engasjert seg i prosjektet. Dette er eit stort prosjekt, der ein er avhengig av kommunal støtte og politisk arbeid. Eit slikt prosjekt er for stort til at Hafslø IL kan vera anleggseigar, men idrettslaget kan bidra med utgifter til drift og vedlikehald når det er realisert. På grunnlag av arbeidet som allereie er gjort, innspel frå medlemene og innmeldt behov, tilrår styret at dette vert Hafslø IL sitt høgast prioriterte anlegg i neste planperiode. Og at Hafslø IL saman med nemnda for fleirbrukshall jobbar aktivt mot kommunen for å få anlegget realisert i neste fireårsperiode.

Rehabilitering/utviding av klubbhus Moane

Dette er eit nytt innspel til anleggsplanen for Hafslø IL. Klubbhuset i Moane vart bygd i 1984, og det er på tide med ei større oppgradering og utviding av klubbhuset. Innspelet er kome både frå fotballgruppa og andre som nyttar klubbhuset. Det er utvilsamt behov for ei rehabilitering og ikkje minst utviding, slik at klubbhuset vert universelt utforma og kan nyttast til større sosiale samankomstar og evt utleige til eksterne. Ved utviding, bør det også etablerast nytt garderobeanlegg. Det ligg ikkje føre konkrete kostnadsoverslag på bordet på grunn av kort frist for

innspel til årsmøtet 2023, då dette vil vere avhengig av ei større kartlegging. Styret meiner likevel at dette er eit anlegg som bør prioriterast høgt. Anlegget i Moane har svært stor aktivitet, og vert nytta til fleire større arrangement. Rehabilitering og utviding av klubbhus (evt. nytt klubbhus) bør derfor prioriterast høgt i neste planperiode. Om årsmøtet støttar dette, vil Hafslo IL prioritere å få utarbeidd meir konkrete planar, behov og kostnader for anlegget før innspelsfristen til «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036» 1.mai 2023.

Oppgradering av hopp K10-K19 til heilårsanlegg

Dette er eit nytt innspel til anleggsplanen frå Hoppgruppa. Rekrutteringsbakkane K10 og K19 er per i dag berre bygd for vinterbruk. For nye rekrutteringsbakker (opptil K45) så er hovudregelen at bakkane skal byggast for heilårsbruk, fordi det er avgjerande for framleis rekruttering til hoppporten. Utstyrsutvikling og klimatiske forhold medfører at rekruttering og trening blir lagt om sommaren, spesielt på Vestlandet som har skiftande vær- og temperatur. Difor er rådet frå skiforbund og skikrins at hoppanlegget K10-K19 vert oppgradert til heilårsanlegg.

Det ligg ikkje føre konkrete kostnadsoverslag til framlegget på grunn av kort frist for innspel til årsmøtet 2023, då dette vil vere avhengig av ei større kartlegging. Styret meiner likevel at ei slik oppgradering framstår som fornuftig.

Om årsmøtet støttar prioritering av dette anlegget, vil Hafslo IL arbeide fram meir konkrete planar, behov og kostnader for anlegget før innspelsfristen til «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036» 1.mai 2023.

Anlegg for rekrutterande skiaktivitet (alpint og freeski) i Banktrekket ved Sogn Skisenter

Dette er eit nytt innspel til anleggsplanen for Hafslo IL innspelt av alpint- og freeskigruppa. Med tanke på rekrutteringa dei siste åra, er dette eit anlegg som bør prioriterast høgt i ny anleggsplan. Så må vidare arbeid med prosjektering og kostnader gjennomførast i dialog med alpint- og freeskigruppa, og Sogn Skisenter framover. Mellom anna må det avklarast om dette er eit anlegg som Hafslo IL skal stå som eigar av, eller om vi skal oppmode Sogn Skisenter om å stå som anleggseigar med driftsavtale med Hafslo IL. Om årsmøtet støttar prioritering av dette anlegget, vil Hafslo IL prioritere å få utarbeidd meir konkrete planar, behov og kostnader for anlegget før innspelsfristen til «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036» 1.mai 2023.

K65-70 på Heggmyrane.

Først når desse bakkane vert realisert, vil noverande hoppanlegg i Kvam verte fullt ut erstatta og Sogn Skisenter kan få status som regionanlegg for nordiske greiner. Vidare utbygging av hoppanlegget utover nærmiljøanlegget (K10 og K19), vil konkurrera om både kapasitet og prioritering av andre anlegg som er under planlegging på skisenteret.

Ut i frå samla ressursbruk, uavklarte forhold kring det å stå som anleggseigar og uavklarte forhold kring tilgang til naudsynt areal, gjer at Hafslo IL ikkje går inn for ei høg prioritering av å få realisert hoppbakkar K65-70 i løpet av den neste planperioden. Vi viser elles til det som går fram av vurderinga av K45 ovanfor.

Ut i frå vurderingane ovanfor, er dette Hafslo IL si innstilling til prioritering av anlegg i «Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036».

Forenkla kunstgrasanlegg på grusbana.

Dette inneber å legge matte på grusen, med ei brukt kunstgrasmatte oppå. For å realisere dette må eksisterande lysanlegg på eine langsida flyttast nokre meter sørover og grusbana utvidast tilsvarande. Dette vil krevje omregulering frå landbruksføremål til idrettsføremål, dvs ny reguleringsplan med ny grunneigaravtale. I tillegg ligg eit sånt prosjekt utanfor spelemiddelordninga. Dette betyr at Hafslo IL vil måtte betale heile investeringa sjølv. Ikkje noko framtidig vedlikehald vil kunne vera kvalifisert for tilskot. Vidare vil ein også måtte omregulere, og opparbeide nytt areal til parkeringsføremål. Styret i Hafslo IL frårår derfor at ein går vidare på eit sånt prosjekt, då det vil krevja 100 % eigenfinansiering til både utbygging og drift, til opparbeiding av nytt parkeringsareal, og til reguleringsplanarbeidet.

Kunstgras på 11'ar bana i Moane.

Dette vil krevje at løpebanene vert avvikla fordi bana må utvidast i breidda. Kostnadsramma vil truleg ligge på rundt 10 mill + mva. I saksutgreiinga bak den kommunale løyvinga til kunstgrasbana i Gaupne, er det understreka at den nye kunstgrasbana i Gaupne skal dekke fotballen sitt behov for kunstgrasbaner i heile kommunen. Dette er også hovudargumentet frå idrettsrådet for kvifor dette anlegget skulle prioriterast med kommunale løyvingar og spelemiddlar. Å få politisk aksept for nye store kunstgrasanlegg i Luster kommune kan derfor bli ein utfordring. Styret i Hafslo IL rår til at ein får inn dette anlegget i anleggsplanen då det er behov for eit slikt anlegg, men at ein ikkje prioriterer realisering av dette anlegget i neste planperiode. Så kan behov og moglegheiter utgreiast fortløpande i løpet av neste planperiode.

Friddrettsanlegg Hafslo stadion.

Det er behov for større vedlikehald av løpebana, lengdegropa og kastegropa på friddrettsanlegget. Vi har vurdert om det er grunnlag for ei rehabilitering av anlegget innanfor spelemiddelordninga. Slik status er i dag, vurderer vi at det ikkje grunnlag for ei rehabilitering, men at anlegget kan haldast i brukbar stand gjennom ein større vedlikehaldsinnsats. Det bør derfor prioriterast å gjennomføre vedlikehald i form av utskifting av grus på løpebana, lengdegropa og kastegropa i løpet av dei neste par åra.

Oppsummering planlagde anlegg med prioritering i anleggsplan 2023 – 2027:

Prioritering	ANLEGG	PLANER / MULIGHETER / VIRKSOMHET / OPPFØLGING	Plan status	ANSVAR
1	FLEIRBRUKSHALL HAFSLO	DET ER BEHOV FOR EIN FLEIRBRUKSHALL PÅ HAFSLO GRUNNA STOR AUKE I FOLKETAL OG BORN SIDAN NOVERANDE SAMFUNNSBYGG VART REALISERT. IDRETTSLAGET TRENG TRENINGSAREAL PÅ VINTERSTID. PÅ ÅRSMØTET 17.03.2022 VART DET VEDTEKE EI NEMND FOR FLEIRBRUKSHALL, OG NEMNDA HAR HATT MØTE MED KOMMUNEN OG HAFSLO IL HAR ENGASJERT SEG I PROSJEKTET. DETTE ER EIT STORT PROSJEKT, DER EIN ER AVHENGIG AV KOMMUNAL STØTTE OG POLITISK ARBEID. EIT SLIKT PROSJEKT ER FOR STORT TIL AT HAFSLO IL KAN VERA ANLEGGSEIGAR, MEN IDRETTSLAGET KAN BIDRA MED UTGIFTER TIL DRIFT OG VEDLIKEHALD NÅR DET ER REALISERT. VIKTIG Å FÅ ANLEGGET MED I OMRÅDEPLAN FOR HAFSLO SENTRUM JUNI 2023, OG I KOMMUNAL HANDLINGSPLAN.	B: UAVKLART O: UAVKLART BU: UAVKLART F: UAVKLART A:UAVKLART U;UAVKLART M:UAVKLART AN: UNDER PLANLEGGING D: UAVKLART	HOVUDSTYRET, NEMND FOR FLEIRBRUKSHALL I DIALOG SÆRGRUPPENE
2	REHABILITERING/UTVIDING KLUBBHUS MOANE	KLUBBHUSET I MOANE VART BYGD I 1984, OG DET ER PÅ TIDE MED EI STØRRE OPPGRADERING OG UTVIDING AV KLUBBHUSET. INNSPELET ER KOMME BÅDE FRÅ FOTBALLGRUPPA OG ANDRE SOM NYTTAR KLUBBHUSET. DET ER UTVILSAMT BEHOV FOR EI REHABILITERING OG IKKJE MINST UTVIDING, SLIK AT KLUBBHUSET VERT UNIVERSELT UTFORMA OG KAN NYTTAST TIL STØRRE SOSIALE SAMANKOMSTAR OG EVT UMLEIGE TIL EKSTERNE. VED UTVIDING, BØR DET OGSÅ ETABLERAST NYTT GARDEROBEANLEGG. MEIR KONKRETE PLANAR, BEHOV OG KOSTNADER FOR ANLEGGET MÅ UTARBEIDAST FØR INNSPELSFRISTEN TIL «KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV I LUSTER KOMMUNE 2024 – 2036» 1.MAI 2023.	B: AVKLART O:UAVKLART BU:UAVKLART F: UAVKLART A:UAVKLART U:UAVKLART M:UAVKLART AN:UAVKLART D:UAVKLART	HOVUDSTYRET, FOTBALLGRUPPA OG STADIONSTYRET
3	ANLEGG FOR REKRUTTERANDE SKIAKTIVITET (ALPINT OG FREESKI) I BANKTREKKET VED SOGN SKISENTER	MED TANKE PÅ REKRUTTERINGA DEI SISTE ÅRA, ER DETTE EIT ANLEGG SOM DET VIL VERE BEHOV FOR. VIDARE ARBEID MED PROSJEKTERING OG KOSTNADER GJENNOMFØRAST I DIALOG MED ALPINT- OG FREESKIGRUPPA, OG SOGN SKISENTER FRAMOVER. MEIR KONKRETE PLANAR, BEHOV OG KOSTNADER FOR ANLEGGET MÅ UTARBEIDAST FØR INNSPELSFRISTEN TIL «KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV I LUSTER KOMMUNE 2024 – 2036» 1.MAI 2023.	B: AVKLART O: UAVKLART BU: UAVKLART F: UAVKLART A:UAVKLART U;UAVKLART M:UAVKLART AN: UNDER PLANLEGGING D: UAVKLART	ALPINT- OG FREESKIGRUPPA I DIALOG MED SOGN SKISENTER
4	HOPP K45 MED LYSANLEGG VED SOGN SKISENTER – ANLEGGSNR 76948	LIGG INNE I KOMMUNAL HANDLINGSPLAN 2020-2023 ORDINÆRE ANLEGG, MED SPELEMIDDELLØYVING I 2023.	B: AVKLART O: UAVKLART BU: UAVKLART	HOPPGRUPPA MED SOGN SKISENTER AS SOM SØKJAR/EIGAR.

		<p>ÅRSMØTE 2022 GODKJENTE SPELEMIDDELSØKNAD FOR K45-BAKKEN MED SOGN SKISENTER SOM SØKJAR. SØKNAD FOR SKITAU FORNYAST SOM FASILITET TIL K45-BAKKEN.</p> <p>SPELEMIDDELSØKNAD HAUSTEN 2022 MÅTTE UTSETJAST FORDI DET MANGLA AVTALE MED SOGN SKISENTER OM BYGGING, DRIFT OG VEDLIKEHALD. VIDARE FRAMDRIFT ER AVHENGIG AV AT HAFSLO IL GODKJENNER DRIFSAVTALE MED SOGN SKISENTER OG AT SOGN SKISENTER ØNSKJER Å PRIORITERE Å SØKJE OM SPELEMIDLAR FOR ANLEGGET. SOGN SKISENTER KAN SØKJA SPELEMIDDELGODKJENNING FOR SNØPROUKSJONSANLEGG SOM FASILITET TIL K45-BAKKEN.</p>	<p>F: UAVKLART A:UAVKLART U;UAVKLART M:UAVKLART AN: UNDER PLANLEGGING D: UAVKLART</p>	<p>AVTALE MED SOGN SKISENTER OM BYGGING, DRIFT OG VEDLIKEHALD</p>
5	OPPGRADERING AV HOPP K10-K19 TIL HEILÅRSANLEGG	<p>REKRUTTERINGSBAKKANE K10 OG K19 ER PER I DAG BERRE BYGD FOR VINTERBRUK. FOR NYE REKRUTTERINGSBAKKER (OPPTIL K45) SÅ ER HOVUDREGELEN AT BAKKANE SKAL BYGGAST FOR HEILÅRSBRUK, FORDI DET ER AVGJERANDE FOR FRAMLEIS REKRUTTERING TIL HOPPSPORTEN.</p> <p>UTSTYRSUTVIKLING OG KLIMATISKE FORHOLD MEDFØRER AT REKRUTTERING OG TRENING BLIR LAGT OM SOMMAREN, SPESIELT PÅ VESTLANDET SOM HAR SKIFTANDE VÆR- OG TEMPERATUR. DIFOR ER RÅDET FRÅ SKIFORBUND OG SKIKRINS AT HOPPANLEGGET K10-K19 VERT OPPGRADERT TIL HEILÅRSANLEGG.</p>	<p>B: AVKLART O: AVKLART BU: UAVKLART F: UAVKLART A:UAVKLART U;AVKLART M:AVKLART AN: UNDER PLANLEGGING D: UAVKLART</p>	<p>HOPPGRUPPA I DIALOG MED SOGN SKISENTER AS.</p>
6	K65-70 PÅ HEGGMYRANE	<p>FØRST NÅR DENNE BAKKEN VERT REALISERT, VIL NEDLAGT HOPPANLEGG I KVAM VERE FULLT UT ERSTATTA OG SOGN SKISENTER KAN FÅ STATUS SOM REGIONANLEGG FOR NORDISKE GREINER. VIDARE UTBYGGING AV HOPPANLEGGET UTOVER NÆRMILJØANLEGGET (K10 OG K19), VIL KONKURRERA OM BÅDE KAPASITET OG PRIORITERING AV ANDRE ANLEGG SOM ER UNDER PLANLEGGING PÅ SKISENTERET.</p>	<p>B: UAVKLART O: UAVKLART BU: UAVKLART F: UAVKLART A:UAVKLART U;UAVKLART M:UAVKLART AN: UNDER PLANLEGGING D: UAVKLART</p>	<p>HOPPGRUPPA I DIALOG MED SOGN SKISENTER AS.</p>
7	KUNSTGRASBANE 11`AR I MOANE	<p>KUNSTGRASBANE I MOANE ER LITE REALISTISK Å FÅ REALISERT PER I DAG. MEN DETTE KAN ENDRE SEG, OG GODE SPELEFORHOLD FOR FOTBALL ER DET BEHOV FOR OGSÅ I FRAMTIDA.</p>	<p>B: AVKLART O: UAVKLART BU: UAVKLART F: UAVKLART A:AVKLART U;UAVKLART M:UAVKLART AN: UNDER PLANLEGGING D: UAVKLART</p>	<p>FOTBALLGRUPPA OG STADIONSTYRET</p>

B:Behov. O:Omfang. BU: Budsjett. F:Finansiering. A:Areal. U:Universell utforming. M:Miljøtilpasning. AN: Anleggsperiode og organisering av arbeidet. D: Driftsplan.

*Styret tilrår at følgjande anlegg går ut av anleggsplanen for 2023-2027:

Friidrettsanlegg Hafslo stadion. Årsaka er at det ikkje er realistisk å få spelemiddelgodkjenning for dette anlegget med tanke på at det nyleg er etablert nytt friidrettsanlegg i Gaupne. Det er også vorte strengare føringar for etablering av nye kunstgrasbaner på grunn av nye miljøkrav.

Oppdatert anleggsplan for Hafslo IL 2023-2027 vert lagt fram for årsmøtet 27.02.2023 for godkjenning.